

Vilkår for tildeling av bustad

For å få leige kommunal bustad etter denne forskrifta, må alle grunnvilkåra vere oppfylte. Det kan gjerast unntak frå eitt eller fleire av grunnvilkåra ved urimelege utslag i enkelttilfelle.

Grunnvilkår 1: Ikkje alternative moglegheiter

Dersom søkjar har andre moglegheiter til sjølv å skaffe seg eigna bustad, er han/ho som hovudregel ikkje kvalifisert for tildeling av kommunal bustad.

Grunnvilkår 2: Opphaldsløyve og butid

- Søkjar må på søknadstidspunktet ha opphaldsløyve i Noreg, og ha budd i Fjord kommune dei siste to åra. Butida må kunne dokumenterast med utskrift frå Folkeregisteret.
- Institusjonsbebuarar som ikkje var busette i Fjord kommune før innlegging, opparbeider ikkje butid i innleggingsperioden.
- Det kan gjerast unntak frå kravet om registrering i Folkeregisteret dersom søkjar på annan måte kan dokumentere faktisk butid. Dersom kravet om faktisk butid og/eller dokumentasjon av butid fører til urimelege utslag, kan det i særlege tilfelle gjerast unntak frå desse krava.
- Kravet om butid gjeld ikkje for flyktningar som skal busetjast for første gong i Fjord kommune etter avtale med staten og kommunen.

Grunnvilkår 3: Noverande bustadforhold

Søkjar må vere, eller vere i ferd med å bli, utan eigna bustad og ha behov for hjelp til å skaffe seg bustad. Noverande bustad må vere ueigna eller svært utilfredsstillande. Alternativ til kommunal bustad må vere prøvd før ein søker om kommunal bustad.

Grunnvilkår 4: Alder

- Søkjar må på søknadstidspunktet vere over 18 år.
- Det kan gjerast unntak frå alderskravet dersom det ligg føre særlege grunnar.

Grunnvilkår 5: Økonomiske forhold

Søkjar sine økonomiske forhold må vere slik at han/ho ikkje er i stand til å skaffe seg eigna bustad på eiga hand. Det skal gjerast ei individuell vurdering av husstanden sin totaløkonomi. Inntektsgrensa vil vere avhengig av storleiken på husstanden. Det skal takast omsyn til inntekt, formue, gjeldsbyrde, bidragsplikt og liknande, sett opp mot moglegheita søkjar har til sjølv å skaffe seg eigna bustad.

Grunnvilkår 6: Uoppgjort gjeld i form av husleigerestanse til Fjord kommune

Dersom søker har uoppgjort gjeld til Fjord kommune som følge av tidlegare bustadforhold, kan kommunen avslå søknaden om å få leige kommunal bustad. Dersom det etter individuell vurdering blir gjort unntak frå denne regelen, må det inngåast nedbetalingsavtale for restansen.